



Vil fjerne krav om nynorsk

Fleire av Noregs Ungdomslags lokallag reagerer sterkt på eit forslag frå styret.

– Det er lenge sidan vi var ein kamporganisasjon for nynorsk, seier leiar Torbjørn Bergwitz Lauen.

SIDE 4-5



Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 1
februar 2022

Minoritetsblikket



Ståande frå venstre: Helene Larsen, Camilla Haugen, Soma Lotfollahi, Christina Violeta Thrane Storsve, Bjarne Bjørnevik, Amelia Gomez Snerte, Maria Abdli. Sitjande frå venstre: Mona Huang, Marta Tveit, Alexander Petersen, Kristina Kassab Liland. Foto: Minotenk/Samlaget

**Jo fleire bøker vi les av dei med minoritets-
erfaring, dess betre kan vi forstå kvarandre,**

**trur Soma Lotfollahi. Ho er éin av elleve del-
takarar på Samlagets nye forfattarskule.**

Side 16-17



Meiner forлага bør få meir tid

Omsetjar Eirik U. Birkeland meiner ein må rette skytset mot staten, ikkje forлага, når lærebøker på nynorsk kjem for seint.

SIDE 6-7



584 høyringssvar om opplæringslova

Les kva sentrale institusjonar meiner om digitale læremiddel.

SIDE 8-9

Blir fast spaltist

Frå og med dette nummeret av Norsk Tidend vil forfattar Tharaniga Rajah dele tankar på sistesida.

SIDE 17 OG 28



Språk som nøkkel

NT Året er godt i gang, og det er også Samlagets nye forfattarskule. Då forlaga annonserte ein skule for skrivande med minoritetserfaring i fjar haust, var det mange som søkte.

– Det var for godt til å takke nei til. Det var som om universet ba meg om å sende inn ein søknad, fortel deltarar Bjarne Bjørnevik til *Norsk Tidend*.

NT Samlaget har, med god grunn, arbeidd lenge for å betre mangfaldet innan den nynorske litteraturen. Med forfattarskulen ynskjer dei å gjere endå meir, i samarbeid med tanke-smia Minoten.

– Samlaget er oppteken av at den nynorske litteraturen og det nynorske språket skal vere relevant, seier Sigmund Løvåsen, som er prosjektleiar for skulen.

NT Skjønnlitteraturen speglar sam-tida. Den skal utfordre oss til å løfte blikket, og til å – ofte – møte menneske og miljø som vi elles ikkje ville ha kome i kontakt med. Då må det også kome stemmer frå ulike hald.

NT Som frå Soma Lotfollahi, som kom til Noreg frå Iran som 12-åring. Ho skriv ikkje nynorsk til vanleg, men ser på det som ei utfordring. Ho kallar språk ein nøkkel til ein måte å vere i verda på. Slik sett gir nynorsken berre ei ekstra spenning, slik ho ser det.

NT Lotfollahi har opplevd å vere ein minoritet heile livet. Bjarne Bjørnevik tykkjer derimot det er litt rart å sjå på seg sjølv som ein minoritet. Han har diagnosen cerebral parese, men «er først og fremst ein kvit mann frå Sunnmøre».

NT Minoritetserfaring kan vere så mangt. Det som er sikkert, er at det vil gagne både lesarar og nynorsken som språk å gi desse forfattarspirene rom til å utvikle seg vidare.

Ein kan ikkje setje seg ned på sidelina, tvinne tommeltottar og berre sjå på at «her går det mot bokmål». **Likesæla** er kanskje det skumlaste av alt, skriv mållagsleiar Synnøve Marie Sætre.



Språk er leiara

ETTER DET SOM byrjar bli nokre år med arbeid for målsaka, har det også blitt ein heil del reiser kringom i landet og mange møte med både ordførarar, tilsette i kommuneadministrasjon, rektorar, lærarar, barnehagetilsette og andre. Det er som regel veldig kjekt å møte folk på denne måten og såleis få eit betre innblikk i korleis stoda er rundt om. Men stundom kan det også vere ei kjelde til enorm frustrasjon. I område der nynorsken er under press, har eg fleire gonger opplevd å møte rektorar som seier «men du veit, her går det jo mot bokmål» eller lærarar som påpekar at elevane kjem til å byte til bokmål på ungdomsskulen eller vidaregåande uansett. Som om bokmålet berre kjem av seg sjølv utan at ein kan gjere noko med det, og som om slike haldningar ikkje har noko å seie for denne utviklinga.

ME VEIT INDERLEG vel at det er sårbart når nynorskelevane kjem i mindretal, og at det vert vanskelegare å halde på språket sitt dess mindre mindretaleit er. Me veit også at den lingvistiske marknaden fungerer nett slik, at dei store språka har ein fordel andsynes dei mindre språka. Det vil likevel ikkje seie at ein skal setje seg ned på sidelina, tvinne tommeltottar og berre sjå på at «her går det mot bokmål», og det gjeld ikkje berre i skulen, men på alle område. Likesæla er kanskje det skumlaste av alt. Hadde til dømes desse rektorane tenkt annleis og gjort noko med det, hadde stoda kanskje vore ei anna, og det finst heldigvis mange gode døme på at det nyttar å bry seg og ta ansvar.

I HAUST MØTTE eg ein barnehagestyrar som hadde blitt ganske overraska då ho hadde fått

NT LEARTEIGEN



SYNNØVE MARIE SÆTRE
Fungerande leiar i Noregs Mållag

invitasjon til møte med Mållaget. Ho hadde ikkje tenkt på at det dei dreiv med i barnehagen hadde noko med nynorsk å gjere, sjølv om mange av borna i barnehagen skulle vidare til ein nynorskskule. Det er ikkje akkurat fyrste gongen me møter barnehagetilsette som ikkje har reflektert over dette før, men i dette tilfellet vart me møtte av ein styrar som verkeleg såg at her kunne ho bruke leiaransvaret til gjere ein skilnad for desse borna. Klart dei skulle få møte meir nynorsk i barnehagen!

PÅ NYNORSKSTAFETTEN i november reiste me rundt i Rogaland, og eg var så heldig å få treffe nokre av dei tilsette i kommunikasjonsavdelinga i Stavanger kommune. Etter samanslåinga med Rennesøy og Finnøy hadde dei sett seg tydelege mål for korleis dei skulle nå ut til innbyggjarane med meir nynorsk. Dei var ivrige etter å vise oss kva dei hadde fått til, og me fekk sjå korleis dei jobba med parallellutgåve av nettsida, språkprofilen dei hadde utarbeidd med tydelege retningslinjer for korleis ein skal skrive klårt og godt, og korleis dei jobba med nynorsk i sosiale medium. Her var det tydelege målsetnadar om kor mykje inn-

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Anita Grønningsæter Digernes

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Det var sunnmøringar som starta sjakken

Ole Rolfsrud

Sjå på pilen!

Ole Rolfsrud

Vi her vestpå kan for eksempel ha godt av å bli minnet om at Kåre Willoch alltid satte stor pris på nynorsk. Det skyldes nok langt på vei at han i gymnasdagene hadde selveste Jakob Sande som norskclærer.

Frå minneord i BT av Olav Garvik

Medan Noregs Mållag riv seg i dei trådforma utvekstane på toppen av hovudet, sprettes det champagne i redaksjonslokalene til Norge Rundt.

**Hugin og Munin i Vårt land
til nyhenda om at det finst éin
nynorskelev i Trondheim**

I et intervju med forfatteren Jon Fosse i går, ble hans svar skrevet på nynorsk. Dessverre førte en feil bruk av VGs retteprogram til at Fosses svar fremsto i en underlig nynorsk språkdrakt.

VG

– Jeg hørte en debatt på radioen med ei «fin dame fra vestkanten» som rakket så veldig ned på nynorsk. Nå er det nok, tenkte jeg, og begynte å skrive nynorsk selv.

Bent Eia

– Eg likar godt å skriva nynorsk, og det er hovudmålet mitt, men eg skriv også ein del på bokmål. Når det er alvor, då skriv eg alltid nynorsk.

**Knut Arild Hareide
i avis Marsteinen**

NRK skal spegle mangfaldet i det norske samfunnet. Har du fleirkulturell kompetanse, eller nyttar nynorsk, er du ein interessant sokjar fordi NRK ønskjer å styrke seg på desse områda. Vi ønskjer òg å rekruttere fleire kvinner til sportsjournalistikken.

**Frå NRK-sportens utlysing
etter sommarvikarar**

I dag vert eg påminna eit intervju av ein fjerdeklassing på Dagsrevyen, med følgande kommentar til debatten om nynorsk i skolen “Det blir som å fjerne 7-gangen bare for å gjøre det lettare”. Og igjen visar ungar seg klokare enn vaksne.

Gunhild Foss Heggem på Twitter

Vår inderlege kjære dialekt Hallingmålet dør sakte frå oss kvar dag. Takk for at du gav oss ein identitet.

**Hallingdølen
i ein dødsannonse 22. januar**

Vel spelt, Hallingdølen. Vel spelt.

Vit hvor du kommer fra. Vær stolt av det. Snakk dialekt, skryt av opphavet ditt og kulturen din. Kjemp for nærmiljøet ditt - og abonner på lokalavisen. Uten røtter blåser du overende.

Dette var dagens moralpreken. Nå går jeg over til tull og fjas igjen.

**Ken André Ottesen (@badesken)
på Instagram**



Illustrasjon: Kjartan Helleve

nsvvar

hald som skulle vere på nynorsk, og det vart fylgt opp kvar månad for å sjå til at dei nådde målet. Og kva var suksessfaktoren? Jau, dei var heilt klare på at språk er leiaransvar.

I 2019 NÅdde NRK for fyrste gong kravet om 25 prosent nynorsk. Med ein dett under 25-talet i 2020, var det gledeleg at dei på nyåret kunne kunngjere at i 2021 var 25,4 prosent av innhaldet på nynorsk. Me håper sjølvsagt at å innfri kravet om 25 prosent vert normalen i åra som kjem, og det er ingen grunn til å stoppe der. Særleg viktig er det med høg nynorskprosent i tilbodet retta mot born og unge, og at det vert meir nynorsk på nett. I dei årlege møta me har med NRK, får me høyre mykje om korleis dei jobbar for å få meir nynorsk på alle flater. Dei har mellom anna oppretta ei mentorordning for å vekkje sovande nynorskjournalistar, og dei er meir medvitne om nynorskkompetanse i tilsetjingsprosessar. Det er ikkje berre å la det skure og gå om ein skal nå kravet, men med god styring og målretta tiltak greier dei det.

EG YNSKJER MEG fleire som barnehagestyren eg møtte i haust, som berre etter ein liten prat såg kva ho som leiar kunne gjere for nynorsk og borna i barnehagen i staden for å tenkje at «her går det mot bokmål». For språk er leiaransvar, og der nokon bryr seg og tek det ansvaret, vert det rett og slett meir nynorsk. Med den nye språklova som no er tredd i kraft, får leiaransvaret ein ekstra dytt, no som det eksplisitt står i lova at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk.

*Språk er leiaransvar,
og der nokon bryr seg
og tek det ansvaret,
vert det rett og slett
meir nynorsk. Med den
nye språklova som
no er tredd i kraft, får
leiaransvaret ein
ekstra dytt.*

Styret i Noregs Ungdomslag foreslår å **fjerne krav om nynorsk** i organisasjonen.

– Grunnvollane blir flytta på, seier lokallagsleiar Marit Kvamen.

Reagerer sterkt på målforslag fra NU-

FØR JUL LA styret i Noregs Ungdomslag (NU) fram to lovendringsforslag for medlemmane sine. Eitt av dei gjeld målbruk i organisasjonen: Styret vil opne for at andre språk enn nynorsk kan bli brukt på kontoret til NU.

– Eg vart skikkeleg lei meg. Eg har tenkt at nynorsk er ein sjølvsgatt del av NU, seier Marit Kvamen, som er leiar for lokallaget Ervingen i Bergen.

– Utdatert

Noregs Ungdomslag består i dag av 380 lokallag landet rundt. Desse står fritt til å bruke det språket dei vil, men tenestemålet sentralt er nynorsk. Det vil seie at all informasjon som blir sendt ut frå NU-kontoret i Oslo, må vere på nynorsk i dag. Dette vil styret no endre på.

– *Kvífor det, leiar Torbjørn Bergwitz Lauen?*

– Det er lenge sidan vi har hatt ein skikkeleg diskusjon om målsak på landsmøtet i NU. På landsmøtet til våren skal vi drøfte eit langtidsprogram som skal gjelde for åtte år framover. Då er det viktig at vi tek standpunkt på det som har vore vedtekne sanningar lenge, svarar han.

Dagens paragraf om målbruk (§ 9) slår fast at NU pliktar å verne om nynorsk og dialektar «i samsvar med føremålsparagrafen og prinsipprogrammet». Dette er utdaterte formuleringar, ifølgje Lauen.

– Føremålsparagrafen vår er blitt endra og nemner ikkje nynorsk i dag. Heller ikkje i prinsipprogrammet har vi noko om nynorsk.

Tankar

Leiaren ynskjer å lovfeste ein språkplan for sentralleddet i NU. I eit vedlegg til lovendringsforslaget, kalla «Tankar frå leiaren», skriv Lauen meir om kvífor han ynskjer å endre målparagrafen. Han meiner:

- nynorsk har aktivt utelukka delar av ungdomslagsrørsla frå organisasjonen

- at NU held på nynorsk «fordi me alltid har gjort det»
- at NU har eit særleg historisk ansvar for nynorsk, men at nynorsk til tider òg har «kjent som ein hemsko»

Provoserer

Særleg bruken av ordet «hemsko» har provosert fleire lokallag. I skrivande stund har fire lag sendt inn innspel til lovendringsforsлага: Sogn og Fjordane, Fjærland og Bergen Ungdomslag Ervingen.

– Hemsko, står det. Ei ulempe. Det synest vi ikkje er ei heldig formulering. Det er litt sårande. Det får meg til å kjenne meg som ei byrde i ein organisasjon der eg har hørt heime lenge, seier Marit Kvamen, lokallagsleiar i Bergen.

Ho er ueinig i at nynorsk har «utelukka delar av ungdomsrørsla» frå NU, sidan kvart lokallag kan bruke den målforma dei sjølv ynskjer.

– Eg håper det ikkje er nokon som ikkje vil ta mot informasjon frå sentralleddet, berre fordi han er på nynorsk, seier ho.

Ingen kamporganisasjon

Kvamen reagerer også på at leiar Lauen argumenterer med at nynorsk ikkje fenger ungdomen i like stor grad som før.

– Er det det som skal ligge til grunn for organisasjonen vår, det som er populært blant ungdomen, spør ho, og legg til:


– I det siste har jo nynorsk fått eit oppsving. Så ein kan kanskje seie at det faktisk fenger.

Eitt teikn på at synet på nynorsk er i endring, er mållagets rekordmange medlemmar. Leiaren i NU gler seg over dette.

– Men det seier ingenting om korleis NU skal drive vidare. Det er lenge sidan vi var ein kamporganisasjon for nynorsk, meiner Lauen.

Tvang

Leiaren understrekar at han ikkje ynskjer noko vondt for nynorsk.



UEINIG: Om det er nynorskkravet som gjer at ein vel å ikkje søke jobb hjå NU, så er ein kanskje ikkje den personen NU vil ha heller, meiner lokallagsleiar Marit Kvamen.

– Vi skal framleis verne nynorsk. Men når det gjeld tenestemålet i NU, så kjem det an på kor mykje tvang ein skal bruke, meiner han.

Om NU skal rekruttere medlemmar til eit nytt lokallag i eit bokmålsdominert område, vil det vere enklare om dei sender ut informasjon på bokmål først, meiner Lauen.

– Førsteintrykk er viktig. Så kan dei få årsmeldingar eller nyhende-brev på nynorsk seinare. Dette er

ein av mange ting som trengst for å rekruttere nye. Vi har eit stort arbeid framfor oss for å få organisasjonen til å vekse att.

NU har mista mange medlemmar under koronapandemien. Leiaren ser behovet for å snu alle steinar.

– Eg håper det vert ein god diskusjon på landsmøtet, og at folk kjem dit. Det har vore ei utfordring lenge at færre og færre dukkar opp. Det nyttar ikkje berre å vere sur, ein må møte opp, seier Lauen.

*Det får meg til å
kjenne meg som ei
byrde i ein organi-
sasjon der eg har
høyrt heime lenge.*

**Marit Kvamen, lokallagsleiar
i Bergen ungdomslag Ervingen**

styret



SLEIVETE: – Det å kalle nynorsken ein hemsko var litt sleivete, eg burde kan- skje ikkje ha skrive det. Eg var litt spiss der. Men det skapte engasjement, seier Torbjørn Bergwitz Lauen, leiar i Noregs Ungdomslag.

Motivasjon

Han trur NU kan stå i fare for å miste kompetanse organisasjonen treng, på grunn av nynorskkravet ved kontoret i Oslo. Det er Marit Kvamen ueinig i.

– Om det er nynorskkravet som gjer at du vel å ikkje söke jobb hjá NU, så er du kanskje ikkje den personen vi vil ha i organisasjonen vår heller, meiner ho.

Om ein er motivert til ei stilling i NU, er ein sikkert motivert for å lære seg nynorsk også, trur Kvamen. Ho meiner også at NU bør tilby opplæring til nye tilsette som treng det.

Identitet

Kvamen trur at mange medlemmar føler at identiteten til NU vert truga av forslaget frå styret. Fleire har reagert med sjokk og sinne på endringsforsлага, ifølgje henne.

– Grunnvollane blir flytta på når ein vil endre på desse paragrafane, som har stått støtt sidan NU vart stifta.

– *Er det noko ved nynorskkravet som kan vere problematisk for organisasjonen, slik du ser det?*

– Nei. No er vi eit lokallag som brukar nynorsk sjølv, men eg kan

ikkje sjå at det skal vere ei utfordring at sentralleddet skal skrive på nynorsk, seier lokallagsleiaren.

Kvamen har sett på NU som ein av få plassar der ho kan få informasjon på nynorsk, og der målforma er i aktiv bruk.

– No forsvinn den tryggleiken også.

Landsmøte i april

Landsmøtet til Noregs Ungdomslag går av stabelen 22.-24. april 2022. Lauen er glad for reaksjonane som er komne inn så langt, og både han og Kvamen ser fram til diskusjonen på landsmøtet.

– Om det viser seg at der er sterke motførstillingar mot å endre lova, er det flott. Då får vi ein tydeleg beskjed om at vi må jobbe vidare med det, seier Lauen.

*Når det gjeld tenestemålet i
NU, så kjem det an på kor
mykje tvang ein skal bruke.*

Torbjørn Bergwitz Lauen, leiar i NU

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

noregs ung- domslag (nu)

■ Skipa i 1896

■ Er ein kulturorganisasjon med omlag 14 000 medlemmar og 380 lag i heile Noreg.

■ NUs visjon er «levande lokal-kultur».

■ Sju av lokallaga i Noregs Mål-lag er òg lokallag i NU.

Rettar fingeren mot staten

Mykje av problemet med seine læremiddel på nynorsk er knytta til læreplanreformene, meiner både forleggar og omsetjar.

– SKULESTART ER ein frist som ikkje flyttar på seg. Då er det 800 000 elevar som skal byrja på skule, og dei skal ha læremiddel. Vi er alltid opptekne av å ha læremidla klare, seier Ulv Pedersen, forlagsdirektør i Gyldendal og leiar av læremiddelutvalet i Forleggerforeningen.

Likevel kjem fleire lærebøker på nynorsk for seint til skulestart. Sidan i fjor haust har 25 skular – både grunnskular og vidaregåande skular – meldt frå til Mållaget om éi eller fleire bøker som mangla i august. Kvifor er det slik?

Omsetjing er hovudregel

Pedersen fortel at forlaga vanlegvis brukar tre til ni månadar på ei lærebok, alt etter storleik og kompleksitet. Først arbeider dei med manus saman med forfattarane. Dette brukar dei mykje tid på. Når tida kjem for å tilarbeide teksten til boksidene, vert teksten tatt ut og sendt til omsetjing.

– Våre forfattarar skriv på bokmål, så omsetjing er hovudregelen. Det er slik prosessane våre er lagde opp.

Etter at teksten er sendt til omsetjing, går bokmålsboka vidare til produksjon. Dette tek 3–4 veker.

– Når vi kan levere nynorskversjonen, avheng av kor lang tid omsetjinga tek. Vanlegvis kjem den 3–4 veker etter bokmålsversjonen, forklarar Pedersen.

Han understrekar at det kan ta lengre tid med bøker til norskfaget. Parallellitetskravet – kravet om at læremiddel skal ligge føre på nynorsk og bokmål til lik tid og til lik pris – gjeld heller ikkje for norskfaget.

Treffer hardare

Vanlegvis er bokmålsbøkene klare på våren, helst før påske. Nynorskproduksjonen blir ofte ferdig i løpet av sommaren, ifølgje Pedersen.

– Kvifor er det likevel bøker som kjem for seint?



POLITISK: Kristina Torbergson er statssekretær i Kunnskapsdepartementet.

Foto: Kunnskapsdepartementet/Illa C. Hendel



FORLEGGAR: Ulv Pedersen er forlagsdirektør i Gyldendal.

Foto: Gyldendal

– Mykje av problemet med seine læremiddel er knytt til læreplanreformene. Dei nye læreplanane var først klare i november 2019 og skulle takast i bruk allereie hausten 2020.

Det kan førekome forseinkingar for både bokmåls- og nynorskbøker, ifølgje Pedersen.

– Men det treffer nynorskutgåvene hardare, fordi dei ligg etter i den prosessen vi har lagt opp.

Det siste ledet

Eirik Ulltang Birkeland, ein frilansar basert i Bergen, er ein av dei som arbeider med å omsetje lærebøker til nynorsk. Det varierer kor mykje tid han får på seg.

– Nokre gongar er det avtalt i god tid at den og den boka kjem då og då. Andre gongar ringjer forlaget og seier: Hei, kan du ta denne i løpet av 14 dagar?

Birkeland får fila og gjer sin del av jobben. Etter at han har sendt det tilbake til forlaget, får han eit digitalt eksemplar tilbake når det grafiske er på plass. Han ser over og melder tilbake om eventuelle rettingar.

– Ein kan føle seg som det siste ledet i ei lang kjede. Om ting har gått litt trått tidlegare i prosessen, så kan eg forstå om forlaga vil hente seg litt inn.

Etterlyser meir tid

Birkeland meiner det ikkje er forlaga ein må rette skyset mot, når det gjeld forseinka lærebøker. Han reagerte då tidlegare statssekretær Anja Johansen (V) i Kunnskapsde-

partementet uttalte i Norsk Tidend i fjor at forholda ligg til rette for at lærebøkene skal kome til riktig tid.

– Då har dei ikkje nok innsikt i prosessen. Fakta er at forlaga jobbar på spreng for å få lærebøker også på bokmål klare til skulestart.

– *Kva er løysinga, slik du ser det?*

– Det som ville ha hjelpt, var å forlenge tida frå læreplanen blir vedteken, til han blir innført. Det er det staten som kan gjøre noko med. Då får forlaga betre tid til å gi ut lærebøkene, og dei vil kome ut på begge målformer i tide.

– Har fått tid

I samband med fagfornyinga har det vore meir tid for både skulane og dei som utviklar læremiddel, til å setje seg inn i dei nye læreplanane før dei blir tatt i bruk, samanlikna med tidlegare. Det meiner statssekretær Kristina Torbergson hjå Kunnskapsdepartementet.

– Dette er også første gong læreplanprosessen har vore så open og involverande. Forlaga har derfor hatt tid på seg til å starte arbeidet med utvikling av læreplanar tidlegare, sjølv om dei heilt sikkert kunne ha ønskt seg meir tid, seier ho.

– *Så statssekretæren meiner at forholda ligg til rette for at bøker på begge målformer skal kunne kome til same tid i dag?*

– Ja, det er riktig, og det er lovfesta. Det er eit viktig krav i opplæringslova, som regjeringa ynskjer å vidareføre, svarar Torbergson.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no





Illustrasjonsfoto: Dreegez/Freelimages



LUE, IKKJE HUE: – Av og til kjem redaktørane med fem til tjue ord dei vil eg skal endra på, på tampen, seier Eirik Ulltang Birkeland.

Foto: Privat

– Svekkjer språket

Dersom omsetjar **Eirik Ulltang Birkeland** får språklege føringar frå forlag, vil dei stort sett leggja språket nærast mogleg bokmål.

– **STORT SETT** brukar eg min eigne formval. Dei er godt utprøvde, og eg tykkjer det blir best, seier Eirik Ulltang Birkeland, som har omsett om lag 130 bøker frå bokmål til nynorsk.

Lue, ikkje hue

Vanlegvis går det greitt å halda seg til retningslinjene frå forlaga, fortel han. Iallfall om dei har konkrete husnormer.

– Utfordringa er når redaktørane kjem på tampen med fem til tjue ord dei vil eg skal endra på.

– *Som til dømes kva?*

– Dei vil ha lue, ikkje hue. Måke, ikkje måse. Bruker, ikkje brukar. Om eg stort sett har valt -ar på andre verb, kjennest det som dei øydelegg nokre gjennomtenkte val som eg har gjort, seier Birkeland.

Framstår tilfeldig

Han prøver å skriva ein moderne nynorsk. Ikkje for konservativ og arkaisk, men heller ikkje for bokmålsnær. I den grad det er føringar frå forlaget, er det snakk om å velja formval som ligg nærmare bokmål, ifølgje Birkeland.

– Det framstår litt tilfeldig, og det har inga fagleg grunngjeving. Eg meiner det svekkjer språket i boka, for eg må velja noko anna enn det som er naturleg for meg. Nokre gongar har eg argumentert imot, men andre gongar må eg gi meg på det.

Birkeland har tatt oppdrag frå fleire forlag dei siste åra, og rettar ikkje kritikken mot eitt av dei her.

Merksam på det

Hege Simensen Hermo er redaksjonssjef i Cappelen Damm. Ho har ansvar for norsk, historie, samfunnfsaga og realfaga. Ifølgje Hermo har forlaget mange nynorskomsjetjingar kvart år.

– Vårt utgangspunkt er at nynorskutgåva er for nynorskbrukaren, og bokmålsutgåva for bokmålsbrukaren. Det er derfor ikkje noko mål for oss at nynorskutgåvene skal vera så bokmålsnære som mogleg, seier ho.

Hermo har tidlegare arbeidd som redaktør for Samlaget, og trur ho er meir merksam på problemstillinga enn mange andre.

– Mange har nok ikkje reflektert over at nynorskutgåvene stort sett ikkje blir lesne av bokmålsbrukaren, og at vi derfor ikkje treng å vera så restriktive med dei genuint nynorske formene, seier ho.

Krev nynorskerfaring

Hermos erfaring er at dei fleste forlagsredaktørar lèt ordval vera opp til omsetjaren, eller at ein saman blir einige om ei fornuftig linje. Sjølv har ho også opplevd å måtta instruera ein omsetjar i å velja «meir nynorske former», fordi han hadde lagt seg på ei «sidemålslinje».

– Men å sjå det trur eg krev at ein sjølv har vore eller er nynorskbrukar, og har eit aktivt forhold til akkurat det. Det kan vi ikkje forventa at alle redaktørar i alle fag har, seier ho.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

Kunnskapsdepartementet har fått inn 584 høyringssvar om **den nye opplæringslova**. No er det opp til regjeringa å bestemme kva som skal stå i lova til slutt. Vi har samla nokre utdrag om digitale lærermiddel frå høyringssvara til sentrale institusjonar.



elevorganisasjonen

ELEVORGANISASJONEN ER IKKE FORNØYDE med formuleringen på forslaget i §15-4 som omhandler at skolen skal bruke skriveprogram som støtter både bokmål og nynorsk så langt det lar seg gjøre. Dette ivaretar ikke retten til lærermiddel på eget skriftspråk, spesielt gjelder dette elever med nynorsk som skriftspråk. **Det er veldig viktig at skolen bruker skriveprogram som har begge skriftspråkene tilgjengelig.** Ved å fjerne «Så langt råd er» i setningen i lovforslaget vil man både stille krav til skolene når de skal finne skriveprogram, men enda viktigere stille krav til de som utvikler skriveprogrammene.



DEN NORSKE
FORLEggerforening

FORLEggerforeningEN ER ENIG I at parallelitetskravet må videreføres. Vi mener imidlertid, i likhet med Språkrådet, at det også er behov for en utvidelse av bestemmelsens anvendelsesområde.

I kjølvannet av digitaliseringen har skolenes lærermiddelpraksis endret seg. Mange steder benyttes ikke lærermidler i tradisjonell forstand, og det er mye som tyder på at bruken av frittstående læringsressurser har økt betydelig de siste årene. Det finnes en rekke læringsressurser som tilfredsstiller kravet til parallelitet, og som er tilpasset bruk i norsk skole. Samtidig ser vi et stadig større tilfang av internasjonale tjenester, og produkter og tjenester som ikke foreligger på begge målformer. Ofte foreligger disse kun på engelsk. **Med dagens lovverk, vil skolene kunne bruke slike ressurser fritt i et stort omfang uten at det stilles krav til språket i dem, verken med tanke på rettskrivning eller målform.**

(...)

Forleggerforeningen mener at ny §15-3 første ledd også bør omfatte læringsressurser.

Språkrådet:

SPRÅKRÅDET ER EINIG I å lovfeste eit krav om at skriveprogram som blir bruka i skulen, skal stø både bokmål og nynorsk, men **meiner at kravet må formulerast utan etterhald.**

(...)

Språkrådet er einig i at parallelitetskravet må vidareførast, men meiner at **lærermiddeldefinisjonen i lovframlegget ikkje femnar den reelle situasjonen i skulen.**

(...)

Språkrådet meiner likevel at departementet ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til at bokmål og nynorsk er jamstilte skriftspråk, og at både språklova og den norske språkpolitikken set krav om at situasjonen for nynorsken må vurderast spesielt. **Spesielt saknar Språkrådet dei heilt nødvendige grepene som må til for å sikre nynorskopplæringa i møte med digitaliseringa i skulen.**

(...)

Fleire av dei digitale «elementa» ligg dessutan berre føre på engelsk. Det er svært uheldig både for nynorskopplæringa og for korleis skolen formidlar statusen til norsk språk. **Når det gjeld balansen mellom bokmål og nynorsk, er situasjonen endå meir alvorleg.** Samla sett bidreg denne ubalansen til at elevane får mangelfull opplæring i sitt eige skriftspråk (både bokmål og nynorsk), og til å gje inntrykk av at skriftspråket til elevane er underordna eit større språk og har lågare status. **Språkrådet peikar på at framleget fra departementet framleis overlet til eksterne aktørar å styre språkvala i skulen.**

(...)

Det er med andre ord **ikkje nok å krevje at digitale lærermiddel skal ligge føre på nynorsk, dei må òg fungere på nynorsk.**



Høgskolen
i Innlandet

FAKULTET FOR LÆRERUTDANNING OG PEDAGOGIKK

I dag opplever mange nynorskelever feilmarkeringer når de skriver korrekt nynorsk på nettbrett og chromebooks og lignende. Det er bra at departementet vil lovfeste at skolene skal bruke skriveprogram som bidrar til å styrke retten til å lære språket sitt. **Formuleringen «så langt det er mogleg bør derfor ut.**

PARALLELITETSKRAVET

NT Kravet om at lærermiddel som vert nytta i undervisning, skal ligge føre på nynorsk og bokmål til lik tid og til lik pris

FØRESLÅTT PARAGRAF 15-4 OM ORDLISTER, ORDBØKER OG SKRIVEPROGRAM

NT Dei nynorskpråklege trykte og digitale ordlistene og ordbøkene skolen brukar, skal vere godkjende av Språkrådet. Så langt råd er, skal skolen bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følger offisiell rettskriving.



HØGSKULEN I VOLDA

VI STØTTRAR DEPARTEMETET sin intensjon i vurderingane kring digitale verktøy, og ser at ein lovtekst som inkluderer alle digitale verktøy i parallelitetskravet potensielt kan skape andre utfordringar for elevar og skular i nynorskkommunane. **Men for å sikre nynorskelevane sine språklege rettar i den digitale skulekvardagen trengst det ein sterkare og meir eintydig lovtekst enn det som er føreslått i § 15-4.**

(...)

Covid-19-pandemien førte til ein eksplosjon i teknologiutviklinga i skulen, då skular over heile verda nærmast over natta skulle tilby fjernundervising. Dette arbeidet vart leia av dei amerikanske teknologigigantane, som i praksis er umoglege å kome unna for norske skular i dag. Å la dei avgjere sjølv kva som blir tilrettelagt for nynorske brukarar, vil vere det same som å akseptere at lite eller ingenting skjer. Det trengst difor ei lovformulering utan smothol. **Særleg er formuleringa «[s]å langt råd er» ubrukeleg som kriterium** for å oppnå reell endring på dette området. Utkastet til lovtekst vidarefører dagens praksis med å overlate til dei lokale skuleigarane å ta kampen mot dei store tek-gigantane for å få kvalitetssikra nynorskversjonar av læringsplattformer og læringsressursar. **Her trengst det meir press frå sentralt hald.**

(...)

For å sikre nynorskelevane sine sjølvlagde språklege rettar trengst difor ein lovtekst som seier at det blir ulovleg for alle å bruke skriveprogram, læringsplattformer og verktøy for skrive- og lesestøtte som ikkje er tilgjengelege både på bokmål og nynorsk. Dette vil føre til at dei store teknologiprodusentane blir nøydde til å føre inn støtte for nynorsk i skriveprogramma sine for å ikkje risikere å miste heile den norske skulemarknaden.



Høgskulen på Vestlandet

NORSKFAGSGRUPPA

[Me må] slå fast at lovutkastet stadfester **ein praksis som gjer det vanskeleg å vere nynorskelev**, ettersom hen ikkje får innputt på/eksponering for opplæringsspråket sitt, og som gjer det vanskeleg å vere læraren til nynorskelev, ettersom det ikkje er tilgjengelege læremiddel på det språket som hen skal undervise i og på.

Det vil i praksis seie at vilkåra for undervisning i, på eller med nynorsk har lågare prioritet enn den tilsvarande undervisninga på bokmål.



UTDANNINGSFORBUNDET

UTDANNINGSFORBUNDET MENER at skillet mellom læremidler og læringsressurser, ikke minst ved økt digitalisering, er noe uklart. Dette kan føre til omgåelse av parallelitetskravet ved å kalle noe for læringsressurs i stedet for læremiddel. **Utdanningsforbundet foreslår at parallelitetskravet også skal gjelde for «læringsressursar utvikla til bruk i skolen».**

(...)

Departementet foreslår ikke parallelitetskrav for digitale verktøy som kontorstøtteprogram og operativsystemer, og mener at et slikt krav vil kunne føre til at skolene ikke lenger vil kunne bruke aktuelle programmer. Utbildningsforbundet er uenig med departementet. **Dersom ikke loven inneholder et slikt krav, tilsier erfaringer at det ikke blir prioritert å utvikle slike program på nynorsk.**



DAGENS DESENTRALISERTE ORDNING for innkjøp og bruk av læremiddel og læringsressursar er prega av **ansvarspulverisering og ansvarsfråskrivning**. Sentrale utdanningsstyresmakter må difor føre tettare tilsyn med at lover og læreplanar blir følgde.

*Vi understrekar at dette er små utdrag frå hørings-svara, der langt frå alt er kome med frå kvar institusjon. Alle utevingar er gjort av Norsk Tidends redaksjon.

FØRESLÅTT PARAGRAF 15-3 OM LÆREMIDDEL

NT I norsk og samisk kan skolen berre bruke læremiddel som følgjer offisiell rettskriving. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det i opplæringa berre blir brukt læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Krava gjeld for læremiddel som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget. Krava gjeld ikkje a) læremiddel i faget norsk b) læremiddel i fag med årskull med 300 eller færre elevar c) læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del Krava til rettskriving og kravet til at læremidla skal ligge føre på både bokmål og nynorsk, gjeld både trykte og digitale læremiddel som er utvikla til bruk i opplæringa.

Utviklar nytt digitalt skriveverktøy

– Vi er stolte over at vi har utvikla Skrible på både nynorsk og bokmål samstundes, seier produktansvarleg Anja Zawadzka Persvold.

Skrible er eit digitalt skriveverktøy frå Kommuneforlaget (KF) og NTB Arkitekst. Målgruppa for Skrible er elevar på 5.–10. trinn, men det kan også brukast i vaksenopplæring og vidaregåande skule. Programmet er framleis under utvikling.

Det som skil dette skriveverktøyet frå mange andre digitale verktøy, er at Skrible har vorte utvikla på nynorsk og bokmål parallelt.

– Vi er stolte over at vi har utvikla Skrible på både nynorsk og bokmål samstundes. Du må velje om du vil skrive nynorsk eller bokmål. Språkmotoren fungerer like godt på begge målformer, og du kan enkelt byte målform i ein tekst, men Skrible er ikkje ein omsettare, seier Anja Zawadzka Persvold som er produktansvarleg for Skrible i NTB Arkitekst.

Nynorskcenteret

Får støtte til skeiv litteraturfest

Nynorsk kultursentrum har fått 250 000 kroner til skeiv litteraturfest i 2022.

Det skreiv Kulturdepartementet i ei pressemelding rett før jul.
– Eg er veldig glad for at Nynorsk kultursentrum ønskjer å arrangere ein festival som feirar skeiv litteratur, sa kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen (Ap).



Vil feire litteraturen
Ifølgje Benedikte Flataker, kommunikasjonsrådgjevar for Nynorsk kultursentrum, vil dei ha ei samling av ulike arrangement gjennom året, spreidd over tid og ulike stadar i landet. Døme er Bygdepride i Volda og Ørsta i mai, Litteraturdagane i Vinje i august, og poesifestivalen i Ulvik i september.

Nynorsk kultursentrum vil feire og formidle skeiv litteratur, skeive i litteraturen og litteraturens kraft og potensial for skeive og andre minoritetar. Dei meiner litteraturen er ei sterk uttrykksform som kan bidra til å skape og forsterke forståing for situasjonen til dei ulike gruppene i samfunnet. Men kan litteraturen også forsterke fordommar? Gjennom året håper Nynorsk kultursentrum å løfte desse problemstillingane.

50 år sidan

I år er det 50 år siden Stortinget oppheva paragraf 213 i straffelova. Den såkalla «homoparagrafen» medførte at seksuell omgang mellom menn var lovbroten. Kulturdepartementet har sett av 5 millionar kroner til markeringa.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

– Det er kjempestas at så mange vil vere med i Mållaget, jublar **Synnøve Marie Sætre**, leiar i Noregs Mållag.

Har nådd det høgste medlemsstalet sidan 1985

– **AT ME HAR** så god vekst, gjev oss ekstra giv i arbeidet for nynorsken. Det er viktig når me skal sikre nødvendige gjennomslag for nynorsken i opp-læringslova det komande året, seier ho.

FpU-kampanjen

Alt i august passerte Noregs Mållag fjarårets rekordtal med 14 104 betalande medlemer, og i oktober runda organisasjonen 15 000 medlemer.

Dei siste åra har det vore

jamn medlemsvekst. I valkampen gjorde likevel medlemsstalet eit kraftig byks.

– Me fekk om lag 1 500 nye medlemer etter at FpU gjekk ut med slagordet «F*** nynorsk» i skulevalkampen, fortel Synnøve Marie Sætre.

Godt lagarbeid

Ho gler seg over at Mållaget har medlemsvekst i heile landet, og at det er både unge og eldre som melder seg inn. Dette er det høgste medlemsstalet som

er registrert i organisasjonen sidan Mållaget byrja med sentral medlemspengeinnkrevjing i 1986.

– Det høge medlemsstalet er eit resultat av godt lagarbeid. Me har nær 200 lokale lag over heile landet, og det blir det godt verkarbeid av, smiler Synnøve Marie Sætre.

Noregs Mållag har i dag over 5000 fleire medlemer enn for ti år sidan.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no



TILBAKE TIL NYNORSK: Når det no blir gjort forsøk på ei nynorskklasse på Midtun skule, så skjer dette i eit historisk nynorskområde.

Foto: NTB

Vil opprett

For første gong på 20 år kan det igjen bli nynorskklasse ved ein av sentrumsskulane i Bergen.

DET ER BERGEN mållag og Fana mållag som no står bak eit nytt forsøk på å få i gang ei nynorskklasse ved ein sentrumsnær barneskule i Bergen. Valet har falle på Midtun skule, ikkje langt frå sentrum i Fana, Nesttun.

Foreldre må melde borna sine inn til ei nynorskklasse innan 14. mars. Leiar i Fana mållag, Oddvar Skre, håper at mange nok melder seg til at dei kan starte opp ei nynorskklasse ved Midtun skule til hausten.

Positiv respons

Skre fortel at byrådet i Bergen er positiv til forsøket, og det er også rektor og lærarkolleget på Midtun.

MÅLJUBEL: Synnøve Marie Sætre og ein nedsnøa Ivar Aasen-statue i Ørsta jublar for ny medlemsrekord i Mållaget.



Det nye nynorskklasse i Bergen



LOKALLAGSLEIAR: Leiari i Fana mållag, Oddvar Skre.

Skre er glad for at kommunen i det han kallar ei krevjande tid for skuledrift, har klart å finne ein skule der det både er rom, kompetanse og iver for å gi nye førsteklassingar ei sjuårig grunnskuleutdanning på nynorsk.

Når det no blir gjort forsøk på ei nynorskklasse på Midtun skule, så skjer dette i eit historisk nynorskområde. Det bur framleis ein del gamle

nynorskbrukarar i bydelen, og det er også ein del tilflyttarar frå nynorskkommunar.

Bergen kommune har slått fast at byen skal vere nynorsk-hovudstaden på Vestlandet, eit naturleg sentrum i ein nynorsk-dominert region.

Oddvar Skre fortel at dei i tidlegare forsøk på å starte opp nynorskklasse i Bergen sentrum har blitt motarbeidd av ein del krefter. Ikkje først og fremst politikarar, men heller frå folk i administrasjonen.

No er han oppmuntra av positive signal frå det styrande byrådet.

Det er også i dag fleire skular med nynorsk i Bergen kommune, men ikkje i sjølve byen. Til dømes er Salhus skule ein rein nynorskskule, og det er også nynorskklasser i Arna.

Alle i Bergen kan søkje

Alle som har born som skal byrje på skulen til hausten i Ber-

gen, kan søkje seg til nynorsk-klassen på Midtun, same kvar dei har bustadadresse i byen.

Midtun skule ligg like ved bybanestoppa Nesttun og Skjoldskiftet. Dei som bur meir enn to kilometer frå skulen, vil ha rett på skuleskyss og tilbod om SFO.

Bystyret i Bergen har tidlegare ein del tiltak som skal gjøre nynorsk meir synleg i Bergen kommune. Blant tiltaka er at nynorskelevar i ungdomsskulen, så langt det er råd, får gå i same klasse. I utlysinga av ledige stillingar ved nynorskskular skal det gå tydeleg fram at tilsette må ha god kompetanse i nynorsk.

Det heiter også i vedtaket at nynorskelevar bør få tilsvarande tilbod som bokmålselevar om bruk av digitale læremiddel på si eiga målform. Bergen kommune skal dessutan vere med på å løfte problematikken om digitale nynorske læremiddel overfor Utdanningsdirektoratet.

KJARTAN HELLEVE
Dagleg leiari i Kringkastingsringen



Kulturministeren må hjelpe TV 2

STRØYME-TV BLIR STADIG meir vanleg, og det gjer at store internasjonale innhaldsprodusentar et seg innover i den norske tv-marknaden. Tilboden er så stort at det norske innhaldet står i fare for å forsvinna i mengda. Det er heilt avgjørande at norske tv-kanalar har vilkår som gjev dei ein sjanse til å nå opp. Då nyttar det ikkje at distributørar gjev fordelar til internasjonale innhaldsprodusentar. Det norskspråklege innhaldet må prioriterast.

TV 2 ER i skrivande stund i harde forhandlingar med distributøren Telenor. Spørsmålet er kor mykje Telenor skal betala for å kunna gje kundane sine innhald frå TV 2, og kor synleg dette innhaldet skal vera. Dette er ein type konflikt som TV 2 også har hatt med andre distributørar. I haust greidde kanalen å stoppa Altibox frå å utstyra fjernkontrollane sine med ein direkteknapp for Netflix. Oslo tingrett slo fast at i så fall må også fjernkontrollane ha ein direkteknapp for TV 2.

DETTE ER EIN maktkamp. Omlegginga til digital distribusjon har gjeve mykje meir makt til distributørane. Tv-kanalane er heilt avhengige av dei, og det veit distributørane å gjera seg nytte av. Dei kan gje fordelar til den som betaler mest, og det er vanskeleg å tevla med store internasjonale aktørar. Dette er ein kamp norske kanalar kjem til å tapa om dei ikkje får hjelp.

I UTGANGSPUNKDET ER dette forhandlingar mellom to kommersielle aktørar, og slik sett noko det offentlege ikkje skal leggja seg opp i. Men dette handlar om framtida for norske mediehus. Mykje av mediepolitikken handlar om det skal finnast gode norskspråklege alternativ. Det er difor TV 2 får 125 millionar kroner i året i kraft av å vera ein kommersiell allmennkringkastar, mellom anna for å laga nyhendesendingar.

DIFOR ER DET veldig rart at staten ikkje syter for at desse nyhendesendingane faktaisk når ut til sjåarane. Både kulturministeren og næringsministeren seier dei ikkje vil gripa inn i den pågående konflikten. Men det ville vore til stor hjelp om dei hadde sendt eit tydeleg signal om at tv-distributørane også har eit mediepolitisk ansvar. Det er utruleg at TV 2 må køyra ei rettsak for å hindra at innhaldet deira blir mindre tilgjengeleg enn det frå Netflix. Feltet skrik etter reguleringar.

MEDIEPOLITIKKEN ER FOR viktig til at han berre skal styrast av private aktørar.

Om framlegg til nytt prinsipp-program for Noregs mållag

IEg føreslår ein ny og meir prinsipiell og ambisiøs føremålsparagraf:

Noregs mållag skal arbeida for å reisa og tryggja nynorsk som samfunnsberande, fullverdig nasjonalt hovudspråk i Noreg.

Eit språk vert rekna som samfunnsberande når det vert brukt til administrasjon og samfunnsdebatt. Men for at det i tillegg skal kunna kallast fullverdig, må det òg ha eit fullt utbygt fagspråk, slik at det både kan brukast og faktisk vert brukt i alle delar av samfunnet, jf. St.meld. nr 35 (2007-2008) *Mål og meinung*, kap. 1.1.3.1, s. 14.

II Det nynorske språket

I det gjeldande prinsipp-programmet stend det:

«I striden for nasjonal, sosial og kulturell frigjering fekk det norske folket sitt eige skriftmål. Ivar Aasen granska dei norske målføra og sette opp ei landsgyldig, samlande norm. Nynorsken bygjer på dei norske målføra som står i ubroten samanheng med gammalnorsk.

Prinsippa som Aasen bygde skriftmålet på, gjer nynorsken til eit språk som alle kan kjenne seg heime i, og til ein god reiskap for tanke og kommunikasjon.»

«Noregs Mållag ynskjer at nynorsken skal normerast på sjølvstendig grunnlag.»

I framlegget til nytt prinsipp-program stend det:

«Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje alle tilgang til skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv. Det nynorske skriftspråket er ein umissande del av den språklege og kulturelle arven for alle som bur i Noreg, og det daglege bruksspråket til ei stor gruppe innbyggjarar.»

Eg merkar meg at «ei landsgyldig, samlande norm» og setninga om prinsippa til Ivar Aasen er teke ut i det nye framlegget.

Det vert i det heile ikkje sagt noko om at den gjeldande nynorsknorma bryt med einskapsprinsippet som Aasen bygde på, jf. Norsk Grammatik § 382, og at ho opnar for sterk tilnærming til bokmål.

To middel mot språkkløyving

Alt i 1901 sa Gunnar Knudsen i Stortinget at «vort lille folk på 2 mill. har virkelig ikke raad at splitte sig i to sproggrupper».

For å motverka varig språkkløyving har staten brukt to middel:



NYTT PRINSIPPROGRAM: Arvid Langeland ynskjer ein meir ambisiøs føremålsparagraf for Noregs Mållag.

1. Angrep på sjølve språket i form av tilnærningspolitikk
2. Diskriminering av nynorsken

Tilnærningspolitikken

Tilnærningspolitikken gjekk ut på at nynorsk og bokmål gjennom offentleg styring gradvis skulle nærma seg kvarandre med sikte på samansmelting til eitt nytt språk, samnorsk. Rettskrivingsreformene i 1917, 1938 og 1959 hadde dette som overordna mål.

Både Riksmaalsforbundet og Noregs mållag gjekk sterkt imot samnorsk. Frå 1953 gav Riksmaalsforbundet ut si eiga ordliste, og motstanden deira vart krona med siger då Stortinget i 1981 langt på veg restaurerte riksmalet.

Tilnærningspolitikken vart offisielt skrinlagd i 2002, og bokmålet har no ei rettskriving der det berre stend att minimale skilnader mellom riksmaalsnormalen og moderat bokmål.

Nynorsken fekk ikkje noko restaurering slik som bokmålet fekk, og opphevinga av tilnær-

ningsparagrafen fekk ein paradoxal verknad for nynorsken:

For jamvel om Stortinget i 2009 gav Språkrådet klarsignal til å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer, so vart resultatet at norma korkje vart tydeleg, enkel eller stram, men tvert om opna for større tilnærming til bokmål enn nokon gong før i norsk målsøge.

Dette utløyste sterk indre strid i målrørla, men med knapt fleirtal støtta likevel landsmøtet i Noregs mållag den nye nynorsknorma.

Den 22. september 2011 godkjende Kulturdepartementet den nye rettskrivinga for nynorsk med verknad frå den 1. august 2012.

Under eit punkt om «Grunnlaget» eller «Det nynorske språket» bør ein slik ordlyd takast med i det nye prinsipp-programmet:

Ivar Aasen granska dei norske dialektane og sette opp ei landsgyldig, samlande norm tufta på dei norske målføra som stod i ubroten samanheng med gammalnorsk.

Prinsippa som Aasen bygde

på, gjorde nynorsken til eit språk som folk kunne kjenna seg heime i. Noregs mållag stør desse prinsippa, og vil arbeida for at nynorsken vert dyrka på sitt eige grunnlag.

Nynorsken må få si restaurering til liks med riksmalet. Skal nynorsken kunna konkurrera med bokmål, lyt han normerast på sitt eige grunnlag som andre standardspråk.

Normert nynorsk tale må tuftast på delar av tradisjonell dialektuttale, ikkje på bokmålsuttale.

Noregs Mållag stør arbeid for å ta vare på dei norske dialektane. Noregs mållag meiner at det er viktig å spreia kunnskap om dei tradisjonelle dialektane og å visa samhøvet mellom dei og tradisjonell einskapleg nynorsk.

Diskrimineringa

Trass i jamstillingsvedtaket i 1885, har styresmaktene i praksis akseptert ei vidfemnande diskriminering av nynorsken. Til dømes er berre 10 prosent av tekstmengda i lovverket på nynorsk i dag, ifylgje ein rapport frå Språkrådet.

Full jamstilling

I § 13 i språklova heiter det at sentrale statsorgan over tid skal bruka minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i ålmənt tilgjengelege dokument. Røynslene til no tilseier at dette i beste fall vert 25 prosent nynorsk og 75 prosent bokmål.

Skal det verta slutt på diskrimineringa, lyt kravet vera at sentrale statsorgan må syta for at ålmənt tilgjengelege dokument vert utgjevne samstundes på båe språka. Dette er dokument som er viktige når det gjeld terminologiutvikling som er heilt naudsynt for at språket skal vera fullverdig og samfunnsberande. For å ta at etterlespet vil dette krevja store ressursar, mellom anna til utdanning av nok folk med spisskompetanse i nynorsk.

Somme har hevdat at dersom slike dokument kjem i parallellutgåver, so vil ikkje bokmålsbrukarane møta nynorsken, og då vil dei ikkje få nok kjennskap til han, noko som i sin tur kan skapa språklege barrierar. Men det er då fullt mogleg å bruka nynorskversjonen i presentasjonar og liknande for å fremja nynorsken som det minst brukte språket.

Språklova har ikkje føresegner om sanksjonar mot brot på lova, og røynsla tilseier at det dverre er naudsynt.

Dette er viktige moment som bør koma med i prinsipp-programmet.

Voss, den 27. januar 2022,
Arvid Langeland

Målblanding på barnesteget

I UTGANGSPUNKDET SKAL elevar på barnesteget gå i språkdelte klassar. Men slik er det ikkje i Arna og slik er det ikkje på ein del skular i Øygarden kommune.

På Sauland skule i Hjartdal kommune er det målblingning på barnesteget og rett før pandemien braut ut, var det arbeid med skulemålsrøysting i krinsen. På Jendem skule, heimeskulen til Edvard Hoem, i tidlegare Fræna kommune, var det skulemålsrøysting etter at bokmålet hadde vorte lurt inn bakvegen, jf. oppslaget i Norsk Tidend nr. 2 2021. Og den røystinga tapte me.

Det viktige må vera å ta vare på nynorskelevane og gjera dei trygge i hovudmålet.

Elles er regelen den at dersom ti foreldre vel eit anna skriftspråk enn det som er hovudmålet i krinsen, har dei rett til å skipa parallelklasser.

I Arna har Bergen kommune oppheva inndeling i klassar på barnesteget og skipa såkalla basegrupper.

Dette verkar negativt for nynorsk skulemål.

I Arna høyrer me om foreldre som vel nynorsk til dei to fyrste borna, men som vel bokmål til det tredje barnet fordi opplæringa i nynorsk er altfor därleg.

Det me kan frykta vil henda i Arna, er at det til slutt ikkje vil finnast ein einaste nynorskelev på barneskulan i Arna bydel, trass i at nynorsk er det offisielle skriftspråket på skulane.

Denne praksisen var det styremedlem i Hordaland Mållag, Arild Reigstad tok eit oppgjør med på valmøtet 18.08.15 der sentrale politikarar som Helge Andre Njåstad, Anne Gine Hestetun og Erik Skutle deltok.



Illustrasjon: Steve Taint / Freimages

Framfor møtet 18.08.15 skreiv Marit Aakre Tennø i ein e-post dagsett 08.05.2015:

Samstundes som ein (om ein skal vera svartsynt) kan hevda at om ein ikkje tek til å gjera ting etter lova i barneskulen, snart ikkje vil ha elevar å språk dela i ungdomsskulen.

Marit Aakre Tennø var leiar i Noregs Mållag då ho skreiv dette.

Her seier ho klart og tydeleg frå om at målblingning på barnesteget er ulovleg, enten det er på baseskular som i Arna eller på vanlege barneskular i kommunane Hjartdal og Hustadvika.

Retten til å velja bøker på eit

anna skriftspråk enn det skriftspråket krinsen har valt, må òg falla bort. For det gjeld om å gjera nynorskelevane opplæring i trygge omgjevnader og då kan ikkje bortimot halve klassen ha lærebøker på bokmål.

Korkje baseskular eller målblinga skular gjev nynorskelevane trygge rammer, og resultatet vert til slutt ein rein bokmållskule slik som på Otta barneskole, sentralskulen i Sel kommune i Gudbrandsdalen.

Me vil meina at å akseptera målblinga skular på barnesteget, er ei form for eskapisme. I redsle for å tapa ei eller fleire skulemålsrøystingar, vågar me ikkje å krevja

at nynorskelevane skal gå i eigne klassar.

Me meiner argumentasjonen til Arild Reigstad og Marit Aakre Tennø frå 2015 er rett. Skuleadministrasjonane i Bergen og i kommunane kring Bergen har eit særleg ansvar for å ta vare på nynorsk-elevane. Beste måten å gjera det på, er å låta nynorskelevane gå i eigne klassar på barnesteget. Og så får me vona at Oddamodellen, dvs. språkdelte klassar på ungdomssteget, vil få politisk gjennomslag i nær framtid.

**På vegner av skulemålnemnda i Hordaland Mållag,
Knut O. Dale, leiar**

Språkregistreringa i NRK

NYLEG KOM MELDINGA om at NRK hadde hatt meir enn 25 % nynorsk i 2021.

Men det store spørsmålet er korleis dei reknar ut dette?

For nokre år sidan, i 2019, skreiv tidlegare språkkrettleiar i NRK, Sylfest Lomheim i bladet til Kringkastingsringen, Kringom, at dei fleste i NRK

nyttar ein dialekt når dei snakkar.

Og det er heile spørsmålet: For slik eg har oppfatta det blir dialekt-delen av den munnlege bruken i NRK radio og TV dela i to like delar. Og dersom dialekt totalt utgjer meir enn 50 % i NRK radio og TV, slik Lomheim hevdar, så blir det automatisk meir enn 25 %

nynorsk i radio og TV. Men det har det sjeldan vore. Kvar ligg feilen?

Dei som registrerer språkbruken i NRK er eit firma kalla Infimedia. no og det ville vera spennande å vite korleis språkbruken i NRK blir registrert. Og kan ei slik registrering vera språkpolitisk nøytral?

Olav Høgetveit

Slik registererer vi språk i NRK

SPRÅKPROSENTEN I NRK blir utrekna gjennom to målingar: Vi måler TV- og radiokanalar i ei løysing som Infimedia AS leverer til NRK. I den blir representative utval av innhaldet i kanalen gjennom eit døgn målt, og ein kodar kva språk som blir brukt: bokmål, nynorsk eller dialekt. Dialekt blir så delt 50/50 på nynorsk eller bokmål for å

ende i to kategoriar. På NRK.no bruker vi eit system som heiter Elastic search og som leverer språktilstyrkle for alle artiklar som blir publisert og kategorisert som nynorsk, bokmål eller samisk. Tala frå dei to målingane blir rekna saman for å finne kor mykje som er på nynorsk av innhaldet NRK har publisert i den målte perioden.

Vi kjenner oss ikkje att i skildringa om at halvparten i NRK brukar ein dialekt når dei snakkar, dermed er det vanskeleg å svare på spørsmålet.

Kristian Tolonen, analysesjef i NRK og Karoline Riise Kristiansen, språksjef i NRK



SPRÅKSJEF: Karoline Riise Kristiansen, språksjef i NRK, svarar om kanalens språkregistrering.



NYE FOLK I GISKE: Frå venstre: Lene Gjelsvik, Anne-Lise Roald, Trine Røssevold, Robert Fylling, Sindre Røsvik og Arnfinn Vartdal.

Foto: Ingebjørg Røyrhus Øyehaug

NYTT LIV I GISKE MÅLLAG

Endeleg! Det har ikkje vore liv i laget siste tiåret, men no er det full drift i Giske Mållag.

Ho som har drege det heile i gang, er **Anne-Lise Roald**, og ho er også nyvald leiar for laget. Heile 14 medlemmer møtte fram til årsmøtet då laget skulle få nyt liv. Årsmøtet vart halde på Nit-tennullni («Kvitenskulen» på Valderøya).

På førehand var det gjort eit arbeid med å finne medlemmer som kunne tenke seg å gå inn i styret. Så då vart styret slik: Anne-Lise Roald vart samrøystes vald til leiar for eitt år. Styremedlemene vart Sindre Røsvik, Trine Røssevold, Robert Fylling, Cecilie Solli og Arnfinn Vartdal. Lene Gjelsvik vart vald til varamedlem.

Det vart også tid til ein god runde med idear og framlegg til kva lokallaget kunne halde på med. Folk hadde lyst til å lage quiz-kveldar, ulike temamøte, forfattarbesøk, i tillegg til å oppmøde folk om å registrere seg med nynorsk i sjølvmeldinga eller andre lågterskel-tiltak.

– Det er viktig å vere eit ope og inkluderande lag, der vi heiar på dei som bruker nynorsk, seier Roald.

– Vi skal vere eit aktivt lag, samtidig som vi ikkje skal leggje lista alt for høgt.

NYTT NAMN: Landvik Mållag har skifta namn til **Grimstad dialekt- og mållag**. Laget har hatt same namn sidan 1899 og vert no leia av Astrid Stuestøl Sandkjær. Landvik var eigen kommune til 1971. Laget er det einaste mållaget i Grimstad kommune, og det har medlemmer også utanfor Landvik.

GARBORG-DAGANE: Dei årlege Garborg-dagane vart skipa på Jæren i slutten av januar, og Jæren Mållag var ein av medtilskiparane. Mellom mange programinnslag var tidlegare styremedlem i Noregs Mållag, **Ingrid Fiskaa**, med for å snakke om «min Garborg».

MÅLPRIS TIL ARNE BRIMI: Arne Brimi har fått Målprisen 2022 av **Mållaget Ivar Kleiven**. I fjor vart

Arne Brimi også tildelt Nynorsk næringslivspris av Noregs Mållag. «No er det Mållaget Ivar Kleiven sin tur til å gje deg ei utmerking for måten du profilerer dialekt og nynorsk i alt ditt arbeid. Vi er glade og stolte av å ha deg som medlem i laget vårt», sa Kari Hølmo Holen, leiar i Mållaget Ivar Kleiven, ifølgje avisas *Fjukan*.

MEDLEM I MÅLLAGET I 60 ÅR: **Liv Tungevik** (88) har vore medlem i Mållaget i 60 år, skriv avisas *Gran-nar*. Ho er medlem i Skånevik Mållag. Både mannen (no avdøde Hans Olav Tungevik) og sonen Steinulf Tungevik har vore leiar i Noregs Mållag.

DIKTARDAGAR I 2022: Emne for Diktardagar i 2022 er **mat og målføre**. Diktardagane er eit fellesprosjekt mellom Skjåk, Lom og Vågå og brukar å vere tidleg i september. I år er det Lom og Skjåk dialekt- og mållag som saman med styreleiar har ansvar for å lage programframlegget.

ATTVAL FOR KARI HØLMO HOLEN:

Mållaget Ivar Kleiven har hatt årsmøte og den driftige learen **Kari Hølmo Holen** tok attval. Ho og laget kan notere seg 119 betalande medlemer i 2021. Det er det høgste medlemstalet for lokallaget i alle fall dei siste 30 åra.

BOKPAKKAR TIL BARNEHAGANE: **Jølster Mållag** har delt ut bokpakkar til barnehagane i Jølster. Bøkene har blitt godt mottekte i barnehagane, fortel Marie Sture, leiar i Jølster Mållag, til avisas *Firda Tidend*.

KVIR SEG FOR Å VELJE NYNORSK: Sola kommune legg ikkje til rette for nynorsk, seier **Audun Veatne**, leiar i Sola Mållag, i eit større intervju i *Solabladel*. Han meiner folk kvir seg for å velje nynorsk som hovudmål for borna sine i skulen.

VANN BOKLOTTERI! Før jul gav **Naumdøla Mållag** bokpakkar til tre barneskular i Namdalen. Dei tre skulanane vart trekta ut til få nynorskbøker frå Mållaget, skriv avisas *Ytringen*. Marta Krossbakken, leiar i Naumdøla Mållag, fortel til avisat at dette godt kan bli ein årleg tradisjon.

MÅLDIPLOM: Surnadal Heimbygd-lag har gjeve den høgthengande måldiplomen til **Øyvind Holte**, skriv avisas *Driva*. Han er bonde og har gjennom snart 60 år vore aktiv på dei lokale revyscenene. Han fekk prisen for innsatsen for det lokale talemålet.

MÅLPRIS PÅ ETTERSOKT: I 2019 fekk **Sparebanken Sogn og Fjordane** Målprisen av Sogn og Fjordane Mållag. Målprisutdelinga vart sett ut i tid, og vart endå meir forseinka av pandemien. Men rett før jul vart det høgtidleg overrekking av målprisen til den nynorske sparebanken.

NY LEIAR: Gloppe Mållag har fått ny leiar. Den nye leiaren heiter **Inger Marie Sande**, og ho overtek for Britt-Anita Gimmetad Vik.

Flyktar ik

– Både nynorsk og dialektbruk **bidreg positivt i integreringa**, seier forskar ved Høgskulen på Vestlandet.

– **EG BLEI LITT IRRITERT** i starten. Kvifor har dei to så like språk i Noreg, og kvifor må me læra nynorsk når flest folk i Noreg bruker bokmål? Men etter kvart har eg byrja å lika nynorsk. No likar eg det betre enn bokmål, seier Ranya Yasin (30).

30-åringen er opphavelig frå Syria, men flytta til Noreg for kring fire år sidan. I dag bur ho på Stord saman med familien, og er ein av elevane som får norskopplæringa si på nynorsk.

Kva språk du får norskopplæring i, kan ha noko å seia for kor vidt du vel å verta buande i kommunen, syner nye tal henta inn av Framtida.no og Landssamslutninga av nynorskkommunar (LNK).

– Vil bli buande

Kring 67 prosent av elevane i norskopplæringa for innvandrarar blir buande i kommunen etter at dei blir undervist i nynorsk. Talet for kommunane som gjev undervising på bokmål, er 55 prosent.

Det viser anslag frå vaksenopplæringane i ei spørjeundersøking som Framtida.

no og Landssamslutninga av nynorskkommunar (LNK) har sendt ut til vaksenopplæringa i kommunane i nynorskområde.

Då Maann Turen (35) først flytta til Noreg frå Filippinane, budde ho i Oslo og fekk norskopplæring på bokmål. No bur ho i ein vestlandskommune og har fått seg jobb på sjukeheimen:

– Når eg bur på Stord, er det viktig å læra nynorsk, sjølv om det er vanskeleg, seier Turen.

Saw Ngrein Zan (28) trur det er lettare å bli buande på Stord, sidan dei lærer nynorsk i vaksenopplæringa:

– Me har lyst til å bli her, seier ho. Zan kom til Noreg frå Myanmar for tre år sidan saman med mannen sin, og seier dei trivst.


28-åringen har fått seg jobb på McDonalds på Stord. Det er den første McDonalds-restauranten i verda som starta å reklamera på nynorsk, men den manglar enno meny på nynorsk.

Politiske vedtak


25 av 55 kommunar som svara, seier at dei underviser vaksne innvandrarar på nynorsk.

Undersøkinga er send ut til vaksenopplæringa i kommunar i nynorskområde.

Er opplæringsspråket for vaksne framandspråklege vedtatt politisk i kommunen din?



Kva skriftspråk gjev vaksenopplæringa undervisinga på?



kje frå nynorsken



LÆRER NYNORSK: Saw Ngrein Zan (28), Maann Tureno (35), Irma Lestari Vigiarti (32) og Syeda Tahseen Zahra (37) har lært seg godt norsk etter kort tid i Noreg.

Foto: Svein Olav B. Langåker

Dei fleste som tilbyr nynorsk i vaksenopplæringa, har vedtatt dette politisk i kommunestyret. Stord kommune er ein av fleire kommunar som har gjort dette.

Marianne Solbakken, seniorrådgjevar ved Distriktsenteret, seier det er interessante funn i undersøkinga, men vil vera forsiktig med å trekka ein konklusjon om at nynorskundervising fører til at fleire innvandrarar blir buande.

– Det me veit, er at det er viktig at innvandrarane får eit forhold til staden dei bur og tar del i frivillige organisasjonar og livet i kommunane. Dialekt og skriftspråk eller ikkje – å få norske vener betyr mykje for å få jobb og for å bli buande. På mindre plassar er det større sjansar for å få innpass.

Fleire får jobb

Statistisk sentralbyrå samlar tal på kor mange innvandrarar som er i jobb og utdanning etter fullført introduksjonsprogram. I 2020 var det 199 kommunar det fanst tal for. Eitt år etter fullført introduksjonsprogram var det i snitt 50 prosent som hadde fått jobb eller utdanning. Blant distriktskommunane varierer tala mest.

Når me ser på kommunane som tilbyr nynorsk i vaksenopplæringa, så viser tala at eit snitt på 62 prosent av innvandrarane i desse kommunane hadde fått seg jobb eller tok utdanning eitt år etter fullført introduksjonsprogram.

– Det tyngste argumentet for å gi undervising på nynorsk i nynorskkommunar er at over halvparten av dei som får norskopplæring blir igjen i kommunen, seier Brita Høyland. Ho er førsteamannen ved Høgskulen på Vestlandet og har skrive doktoravhandlinga si om dialektbruk i andrespråksopplæring.

Ho viser til tidlegare studiar om at tileigning av nynorsk og

dialekt er ein dør opnar for inkludering i lokalsamfunnet.

– Både tidlegare studiar og desse nye tala viser at nynorsk og dialektbruk bidrar positivt i integreringa, seier ho, og tar etterhald om at det er forska lite på dette.

– Eg trur det er ein litt misfortstått godskapstanke å gi opplæring på bokmål fordi det er det dominerande språket, men det er lokalt dei skal virka og der ser me verdien av å bruka skriftspråket og dialekten som gjer at dei blir meir inn lokalt, seier ho.

Viktig ressurs

Marianne Solbakken i Distriktsenteret understrekar at inn-

vandrarar er ein viktig ressurs for distriktskommunane. Mange kystkommunar hadde ikkje klart å oppretthalda folketalet utan innvandringa. I koronatida blei det stopp på mykje av arbeidsinnvandringa til Noreg, men no har det starta å auka litt.

– No er det viktigare enn nokon gong å ta vare på dei innvandrarane ein har, seier Solbakken.

Distriktsenteret er uroa over at ikkje nok kommunar tar innover seg kor viktige innvandrarane er for kommunane.

– Innvandrarar er medverkande til at ein klarer å oppretthalda barnehagen og skulen – og dei bidrar i frivillige lag og organisasjonar – og er på den måten med på å bidra til levande bygder, poengter Marianne Solbakken.

– Det er det same om det er bokmål eller nynorsk. Det er nye språk uansett, seier Syeda Tahseen Zahra (37) frå Pakistan. Ho kom òg til Oslo først og byrja å læra bokmål.

– I Pakistan har me fire språk. Eg lærte både urdu og punjabi. Forskjellen på språka er ganske liten.

Når eg bur på Stord, er det viktig å læra nynorsk, sjølv om det er vanskeleg

Maann Tureno, 35 år

SVEIN OLAV LANGÅKER
Framtida.no

Vil utvide den nynorske

Bøkene våre speglar ikkje samfunnet vi lever i, seier Samlaget. 11 deltarar på forlagets nye **forfattarskule** skal gjere noko med det.

– **DÅ SAMLAGET** utlyste ein forfattarskule for dei med minoritetserfaring, så var det for godt å takke nei til. Det kjendest nesten som universet ba meg om å sende inn ein søknad, seier Bjarne Bjørnevik lattermildt.

Vil gjere meir

I januar var det tid for første samling i Samlagets nye forfattarskule. Der møttest elleve håpefulle forfattarspirer, alle med ei form for minoritetserfaring i bagasjen.

Forfattarskulen er eit samarbeid mellom nynorskforlaget og tankesmia Minoten.

– Samlaget har arbeidd for å betre mangfaldet innanfor den nynorske litteraturen i nokre år no. Men så hadde vi eit ønske om å gjere meir. Derfor tok vi kontakt med Minoten, seier Sigmund Løvåsen, prosjektleiar for forfattarskulen.

Han fortel at Samlaget nyleg såg tilbake på utgjevnadane sine for dei siste ti åra, og såg at bøkene ikkje speglar det samfunnet vi lever i i dag.

– Og Samlaget er oppteke av at den nynorske litteraturen og det nynorske språket skal vere relevant. Då må det også kome stemmer frå ulike hald.

Minoritsblikket

I løpet av året skal deltarane vere med på fem samlinger. Der skal dei, i samspel med etablerte forfattarar, gå inn på ulike sjangrar. I tillegg får dei utdelt kvar sin mentor, som kan følgje dei opp i tida mellom samlingane.

Det Bjarne Bjørnevik ser mest fram til, er å lytte til dei andre.

– Eg er no komen til eit punkt der skrivinga er ein stor del av kvardagen min. Då blir det interessant å høyre kva erfaringar dei har gjort seg.

– *Kva synest du om at Samlaget framhevar minoritetar på denne måten?*

– Det synest eg er veldig bra. Fleire bokutgjevnadar dei siste åra viser at vi ikkje berre treng minorittstemmer, men også at storsam-

FORFATTAR-SKULEN

NT Skulen går over eitt år med fem helgesamlingar. Den første var i januar.

NT Han er eit samarbeid mellom Det Norske Samlaget og tankesmia Minoten.

NT Skulen er for skrivande med minoritetserfaring. Det kan vere nasjonale minoritetar, skrivande med funksjonsnedsetjing, seksuelle minoritetar, kjønnsminoritetar, skrivande med samisk bakgrunn, fleirkulturell bakgrunn eller innvandrabakgrunn.

NT Deltagarane er over 18 år og har enno ikkje debutert som forfattarar.

NT Nynorsk er arbeidsspråk gjennom kurset.

funnet finn det veldig interessant å sjå verda med eit minoritsblikk, seier Bjørnevik.

Rommar alt

Sjølv har Bjørnevik diagnosen cerebral parese. Han tykkjer det er litt rart å tenke på seg sjølv som ein minoritet.

– Først og fremst er eg ein norsk, kvit mann frå Sunnmøre, seier han.

Han har skrive dikt sidan 2013, og poesi er den uttrykksforma han likar best.

– Eit dikt har plass til alt. Du kan skrive om estetikk, etikk, historie, kjærleik, død, politikk, ideologi.

Han trekkjer pusten.

– Det er ei konsentrert uttrykksform som likevel har plass til veldig mykje.

– *Kva tema skriv du mest om sjølv?*

– Eg tenker ikkje på den måten, eg lèt intuisjonen bestemme. Men det finst heilt sikkert tema som går igjen, svarar han.

Flykta frå Iran

Soma Lotfollahi er også blant dei elleve som skal delta på forfattarskulen. Ho likar å lese skjønnlitteratur, og skreiv sjølv ei novelle for å få plass på skulen.

Lotfollahi kom til Noreg som 12-åring. Ho og familien tilhørde den kurdiske minoritet i Iran, og flykta frå undertrykking og diskriminering i heimlandet.

Ho er usikker på om ho kan bli forfattar, men ser på forfattarskulen som ein start.

– Eg ville vere med for å sjå om eg har nokre litterære evner, seier ho.



EIN START: Soma Lotfollahi er usikker på om ho kan bli forfattar. Foto: Privat



Poetisk: Bjarne Bjørnevik har skrive dikt i ti år. Foto: Saba Hatzimarkos

Ekstra spenning

Ho kallar seg sjølv ein språknerd. Etter å ha hatt norsk som andre-språk på ungdomsskulen og vidaregåande, tek ho no ein master i nordisk språk og litteratur.

– Gleda over norsk språk har berre vakse fram i meg, fortel ho.

Nynorsk vil vere arbeidsspråket på forfattarskulen, opplyser Samlaget. Men det er ikkje krav om at nynorsken må vere feilfri. Lotfollahi skriv ikkje nynorsk til vanleg.

– Det er ikkje mitt naturlege

språk, men eg ser på det som ei utfordring.

Då ho var yngre, lærte ho seg sjølv gresk og budde i Aten i eit år. Ho er interessert i språk og korleis dei fungerer.

– For meg er språk ein nøkkel til ein måte å vere i verda på. Så for meg gir nynorsken berre ei ekstra spenning.

Knausgård er helten

Lotfollahi har opplevd å vere ein minoritet heile livet. Ho fortel at ho har opplevd mykje rasisme i Noreg.

Samlaget er oppteke av at det nynorske språket skal vere relevant.

Sigmund Løvåsen

litteraturen



PÅ FORFATTARSKULE: Elleve spente forfattarspirar var med på Samlagets første samling i januar. Ståande frå venstre: Helene Larsen, Camilla Haugen, Soma Lotfollahi, Christina Violeta Thrane Størsve, Bjørne Bjørnevik, Amelia Gomez Snerte, Maria Abdli. Sitjande frå venstre: Mona Huang, Marta Tveit, Alexander Petersen, Kristina Kassab Liland.

Foto: Samlaget

Ikkje frå etniske nordmenn, men frå andre frå Midtausten. Ho likar å skrive om det å kjenne seg framandgjort, å ikkje passe inn.

– Føle seg nervøs heile tida, ikkje trygg nok. Og så likar eg å skrive om nære relasjonar. Om kjærleik, tilhøyrsla, nærlieik. Det er spanande.

– *Har du førebilete innanfor litteraturen?*

– Om vi tenker dagens forfattarar, er det definitivt Knausgård. Han skriv godt om det som mange kan kjenne seg igjen i. Sjølv om eg ikkje alltid er einig i utleveringa av familien hans, så er han min helt, seier ho.

Deira verd, deira kampar

Jo fleire bøker vi les av dei med minoritetserfaring, dess betre kan vi forstå kvarandre, trur Lotfollahi.

– Sjølv om tekstar er skrivne av minoritetar, kan andre kjenne seg igjen. Vi kan setje oss inn i deira verd og deira kampar.

På masterstudiet las ho og medstudentane boka Jeg lever et liv som ligner deres av Jan Grue. Grue har ein medfødd muskelsjukdom, og boka hans handlar om det å leve i ein sårbar kropp.

– Det kan vere noko for alle i den boka. Og slike bøker kan bygge ei bru av forståing og empati med dei som lever annleis liv, trur ho.

For meg er språk ein nøkkel til ein måte å vere i verda på.

Soma Lotfollahi

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita-digernes@nm.no

Tharaniga Rajah er ein av forfattarane som skal bidra til Samlagets nye forfattarskule i år. I tillegg blir ho fast spaltist i *Norsk Tidend*.

Skal dela tankar på sistesida

– **EG HAR LITT LYST** å skriva om forskjellige språk, men det kan også vera interessant å skriva om språk frå mitt perspektiv, seier Tharaniga Rajah.

Frå og med dette nummeret av *Norsk Tidend* skal ho ta over plassen på baksida av bladet. Ho har vore aktiv i fleire organisasjonar sidan ungdomstida, men aldri kjent seg så heime som i mållaget.

– Det er litt vanskeleg å skildra, men alle var så hyggelege og arbeidde mot eit felles mål. Det er kjempeflott å vera ein del av, seier forfattaren, som vaks opp på Moi i Rogaland.

Minoritetsmøte

Rajah sit i arbeidsutvalet for Samlagets nye forfattarskule. I tillegg skal ho vera mentor for ein av deltakarane på skulen i året som kjem. Sjølv debuterte Rajah som forfattar med romanen *Det er lenge til skumring* i 2018.

– Den forfattarskulen er veldig god. Eg skulle ynskja eg kunne gått på han som ein etablert forfattar, seier ho.

Det er ikkje tilfeldig at det er Samlaget som lanserer ein slik forfattarskule, meiner Rajah.

– Forlaget har arbeidd mykje med å løfta forfattarar med forskjellige bakgrunnar. Det er noko med minoritetar som møter kvarandre.

I endring

– *Kva erfaringar har du sjølv gjort deg som minoritet og forfattar i Noreg?*

– Det er litt forskjellig. Vi er to tamilske forfattarar som skriv på norsk i Noreg no, og det har hendt at nokon har gratulert den eine av oss for boka til den andre. Det er nok ikkje vondt meint, men det verkar som det kan vera litt vanskeleg å skilja oss med minoritetbakgrunn frå kvarandre, seier Rajah.

Likevel ser ho at det har skjedd ei endring. Kanskje fordi forfattarkollega Zeshan Shakar stilte seg kritisk til omgrepet «innvandrarroman» då han debuterte med boka *Tante Ulrikkes vei* (2018), og lurté på kvifor ein ynskte å gjera litteratur frå minoritetoperspektiv om til ein eigen sjanger.

– Eg har ikkje hatt kjipe opplevingar med journalistar som prøver å vri det eg har skrive, inn i ein typisk stereotypi. Det skjer



REDIGERER MED LYST: Det kjekkaste med å skriva, er redigeringa, tykkjer Tharaniga Rajah: – Då får eg jobba med språket på ein heilt annan måte, seier forfattaren.

Foto: Oda Berby / Samlaget

mindre i dag enn for få år sidan, trur Rajah.

Tamilsk som morsmål

Ho har tidlegare studert lingvistikk, i tillegg til asiatiske og afrikanske studium. Ho vil bruka plassen på sistesida av *Norsk Tidend* til å skriva om forskjellige språk, og i tillegg eiga språkerfaring.

– Eg har tamilsk som morsmål. Sri Lanka var kolonisert i 400 år, så vi har mange portugisiske ord. Dette oppdaga eg først då eg studerte portugisisk som ung, fortel ho.

Sjølv kan ho éin tamilsk dialekt. Om nokon frå jungelen i landet snakkar til henne, kan ho slita med å forstå kva dei seier.

– I diaspora lærer ein ei form av språket som ikkje er det same som i heimlandet. Det er nok ein del diaspora-barn som opplever at dei snakkar veldig gamaldags. Det er kanskje ikkje noko ein tenker over, om ein ikkje har eit minoritetsspråk sjølv.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

Bergen var bokbålsbyen. I den nye boka *Brent ord. Bokbål mot språk i Noreg 1912–2005* har **Ottar Grepstad** dokumentert åtte språkbål og andre former for det han meiner er symbolsk vald mot nynorsk i byen. Med løyve frå forfattaren og Samlaget prentar *Norsk Tidend* eit eksklusivt utdrag frå boka.

Bokbålsbyen

NOKON BRENDE BØKER og aviser i Bergen i 1922.

Under ein musikkparade brende russen landsmålsbøker ved Permanenten i byen tysdag 23. mai 1922. Frå 1920 var attforteljinga ved examen artium i norsk erstatta med stilskriving.^[1] Denne dagen hadde elevane fått oppgåva «Fortel um ei ferd du hev gjort». Etterpå gjekk ein del av dei i prosesjon til Permanenten med landsmålsbøkene sine, og litt anna. På eit banner eller ein plakat hadde dei skrive: «Her braendes norsk Maallæra, Gula Tidend, og andet Bos.» Læreboka var truleg *Norsk Maallæra eller Grammatik i Landsmalet* av Marius Hægstad, utgitt i mange utgåver og opplag frå 1898.

Det dei hadde av skrifter, kasta dei i ein haug og tende på. Demonstrasjonen gjekk roleg for seg og «blev modtaget af Publikum med stort Bifald», kunne Bergens Arbeiderblad fortelje.^[2] Ei anna avis var meir detaljert: «Dei gjekk framum baulet, og ein fyr ein kasta dei norskbokarne sine i elden, medan publikum klappa.»^[3]

Det er ikkje morosamt å vere vitne til desse utslaga av «forstaaelsesløs Fanatisme», kom det frå redaktøren i Morgenavisen.^[4] «Per ardua ad astra», siterte Gula Tidend på leiarplass frå det gamle akademiske slagordet: «Gjennom kamp til lys».^[5] I Kristiansand var det blitt slagsmål mellom russ og målfolk om ei fane i russetoget.^[6] Avisa viste til dette og poengtete at andre stader hadde ingen strekt seg lenger enn til det ein kunne kalle blaute vitsar. Bokbålet i Bergen tok avisar lett på, eller var i det minste usikker på korleis ein burde reagere. «Hendingi bør sjølv sagt berre takast komisk», skrev Gula Tidend og meinte det var ikkje anna å vente når ein såg korleis vaksne før fram mot landsmålet. Kjære ungdom, spurde avisar, om ikkje gymnasiastane skulle lære å skrive landsmål, «skynar De ikkje, at det er det same som ei op i dør mindre for dykkar framtid?» Også Den 17de Mai prøvde å vere overberande. Dette var berre «ei barnsleg realisering»

18 ANNONSER - NYHETER

Kastet nynorsk-ordlistene

DRAMMEN: Russen krever obligatorisk sidemålsundervisning avsluttet etter første skoleår i den videregående skole. Et hundretalls nynorsk-ordlistar gikk i soppela på Drammen Gymnas i går kveld som en markering av aksjon mot sidemål (les: nynorsk).

Russen understreker sterkt at det er ein aksjon mot sidemål, ikke nynorsk spesielt. Ikke desto mindre er sidemål det samme som nynorsk for svært mange i Buskerud.

For å markere forkjelen for sidemålet (les: nynorsk) ble den korte appelsen høgt opp av kastring av ordlistar. Et hundretalls nynorsk-ordlistar ble kastet i en tørrkjeglig grønn containert som var adressert til en papirfabrikk for resirkulering av papir.

FLAMMENDE INNLEGG: Slik ser det ut når Harald Victor Hove brenner nynorsk-bøker. Foto: SYNOPSIS FILM

Harald brenner «spynorsk»

Harald Victor Hove (H) brenner nynorsk-bøker for å vinne unge velgere.

Nå er det laget tre reklamefilmer som skal bidra at 22-åringen får en plass på Stortinget. Ungdomskandidaten på femteplass går til angrep på bilavgifter, sprofforbudet til alle under 18 og nynorsk sidemål. I en av filmen kaster han Alf Helleviks gamle Nynorsk ordliste i et brennende oljetat. «Det er den gule, ja. Spynorsk mordliste, som vi kalte

den, hehe. Jeg brenner den for å vise at vi vil ha bort tvungen sidemål. Nynorsk er et problem for mange som prøver å lære seg å skrive godt norsk, sier den unge Heyre-politikeren.

Filmene er ment å gjøre inntrykk på unge velgere.

«De skal kanskje vises på Bergen kino. I alle fall skal de legges ut på min hjemmeside, stemharald.no, som er oppå og går på mandag, sier Hove.

ESPEN BØRHAUG
espen.borhaug@ba.no

av det foreldra meinte om norsk språk.^[7] Dessutan var det ei kjend sak at gymnasiastane i både Bergen og andre byar rekna landsmålsprøva til eksamen som noko av det lettaste dei hadde.

I avisar Arbeidet tenkte ein student i same baner. Ein gong var russen morosam. No kom det berre meir eller mindre vellykka åtak på eitkvart, og då helst maalet og maalkui.^[8] Sjølv for russen var demonstrasjonen «litt for barnagtig». Slik måtte det gå når så mange av dei voks opp i riksmaalsheimar, meinte studenten og minte om eit debattmøte i byen same kvelden.

Bergens kommunistiske ungdomslag hadde invitert til debatt om arbeidarrøsla og målrørsla med redaktør Olav Gullyåg i Gula Tidend som inndeiar.^[9] Der blei bokbålet inngangen til ein diskusjon om politikk for landsmål i byane. Anders Nordtvedt, artianar av året, tok avstand frå bokbål og tok russen i forsvar. Han meinte dei ikkje hadde noko politisk føremål, men laga bokbål for å feire «frigjørelsen fra lærernes tvang gjennom 13 år». Nordtvedt rekna seg som den einaste i russe

det året som var landsmålsvenleg.

Innsendaren «Ein russ» hadde vore med og brent bøker og mislikte sterkt leiaren i Gula Tidend.^[10] Vedkomande reagerte på både argumentasjonen og den nedlatande tonen og svara utførlig politisk. Dette var åtte år før Stortinget vedtok den første språklova, og Gula Tidend ville ikkje ta imot embetsfolk vestpå utan at dei «er godt inne i norsk mål». Innsendaren var heilt framand for tanken om at ein måtte meistre begge språka for å få arbeid i offentleg forvaltning. Landsmålet er lurt innpå oss, det er tvang, konkluderte han.

Når nidsviser blir skrivne, er det ofte eit uttrykk for sterk og intens usemje. Gula Tidend slo «Maalbrennarvisa» av O.O. opp på framsida fire dagar etter bålet.^[11] Visa går på den nye stevtonen:

Dei gjeng og spradar med sløyfeknutar og trur seg pokker til norske guitar; den høgst kan gala, er mest til kar, og gjerer skam på sin eigen far.

Dei trur at visdomen sit i huva, og slengjer bøker og slikt på gruva. Dei trur seg budd' til ei livsensgjerd – og haustar latt for si skjendarferd.

*– Eg er ikkje i tvil om
at båla var ubehagelege
for usikre, unge nynorsk-
brukarar.*

Ottar Grepstad

Bergen



*Latin og gresk vil dei gjerne gøyma, men folkemalet er best å gløyma.
«Eg er den friaste fant på jord!» sa ein som hædde si norske mor.*

Men når so «storingen» sidan talar, som prest ell' skrivar i bygd og dalar, då vil han vakna i undring stor og sjá seg rotlaus i Noregs jord.

På trykk tok fleire vaksne russen i forsvar. «Det var ikke særlig klokt dette», skrev N.-O. i Bergens Aftenblad dagen etter bålet. «Men ungdommen tænker – heldigvis – ikke altid først og fremst paa, hvad der er klogt.»^[12] Bokbålet såg N.-O. på som ein demonstrasjon mot tvang og åndstyranni. Gymnasiastane som brende landsmålsbøker, hadde ikkje valt å lære landsmål, og difor reagerte dei som dei gjorde, meinte ein annan innseendar.^[13] Ein tredje var Bjarne Tyvold. Han ønskete seg ungdom som er «rede til Anstrenge og Kamp». Fjerdemann ut var signaturen Civis, som ikkje hadde mykje til overs for at nokon jamførte med gresk, som også var obligatorisk. Dei som har hatt med gresk å gjøre, «kan ikke tænke sig at sammenligne dette gamle Kultursprog med Maalet». Ein student anno 1894 tok fleire steg til. Gresk

opna vegn til «en hel Verden af Skjønhed og Kultur», medan kjennskap til landsmålet «kun fører ind til en afsidesliggende Fjelddal». ^[14]

Slike innlegg forskrekka Johannes Lavik, no redaktør i Dagen. Påfunna til russe var verken originale eller oppsiktsekkjande, meinte han.^[15] Det nye var at vaksne, forstandige folk stod fram i pressa og gjorde «lærebokbrændende russ til idéens riddere og fremskridtets talstmænd». I takt med tida blei debatten no eit spørsmål om moralsk oppseding, og kven som skulle ta det ansvaret.

OTTAR GREPSTAD

Kjelder

- ^[1] «Examen artium», Romsdals Budstikke 21.5.1920.
- ^[2] «Russen brænder Laandsmaalsbøgerne», Bergens Aftenblad 23.5.1922.
- ^[3] «Ein 'maul'-demonstration», Bondebladet 24.5.1922.
- ^[4] «Hvad man kan stille Krav om!», Morgenavisen 29.5.1922 (leiar).
- ^[5] «Per ardua ad astra», Gula Tidend 24.5.1922 (leiar).
- ^[6] «Russetoget», Fædrelandsvennen 18.5.1922.
- ^[7] «Prøva i landsmaal til artium», Den 17de Mai 27.5.1922 (leiar).
- ^[8] Student: «Russen morer sig», Arbeidet 24.5.1922.
- ^[9] «Arbeiderbevegelsen og maalsaken», Arbeidet 26.5.1922 og «Eit godt folke-møte til dryfting av norsk og unorsk, bondebate og arbeidarinteresse», Gula Tidend 26.5. og 27.5.1922.
- ^[10] Ein russ: «Per ardua ad astra», Gula Tidend 27.5.1922.
- ^[11] O.O.: «Maalbrennarvisa», Gula Tidend 27.5.1922.
- ^[12] N.-O.: «Ungdom», Bergens Aftenblad 24.5.1922.
- ^[13] Jemina pavida: «Til Hr. Lektor Amundsen», Bergens Aftenblad 29.5.1922.
- ^[14] Bjarne Tyvold: «Ungdom», Bergens Aftenblad 27.5.1922.
- ^[15] Civis: «Hr. Lektor Amundsen», Bergens Aftenblad 1.6.1922.
- ^[16] Student fra 94: «Ungdom», Bergens Aftenblad 30.5.1922.
- ^[17] «Ungdom og voksne», Dagen 29.5.1922 (leiar).



Krev opprydding

Å dokumentere bokbål mot språk, var eit arbeid som måtte gjerast, ifølgje Ottar Grepstad: – Noreg har vore eit anna samfunn enn mange har trudd.

FØRSTE GONGEN DET brann, var våren 1922. Seinare aksjonar var i 1924, 1929, 1938, 1939, 1946, 1982 og 2005, for å nemne nokre. I alt brann det fleire bokbål mot språk i Noreg enn i noko anna vestleg land på 1900-talet, slår språk- og litteraturvitar Ottar Grepstad fast i den nye boka, Brent ord.

Symbolsk vald

– Bokbål mot språk vaks fram som aksjonsform samtidig som det vart obligatorisk for gymnasistar å skrive tilleggsstil på landsmål. Det vart rekna som legitimt å bruke symbolsk vald.

Med «symbolsk vald» meiner Grepstad at fysisk kraft blir brukt for å med vilje øydelegge, skade eller fjerne noko som representerer noko større, som er svært viktig for andre. Grepstad er tydeleg på at bokbåla var nettopp dette.

– Det var ingen som kalla dette symbolsk vald verken før eller etter 1940. Men det er i den kategorien det hører heime. Bokbrenning har aldri vore juridisk prøvd for ein domstol, så vidt eg har sett. Derimot har det ikkje mangla på folk i maktposisjonar som har støtta dette, seier han.

Dødsgjerningar

Bokbåla blei ein tradisjon. Ikkje utan motstand og kritikk, ifølgje Grepstad, men det stod vaksne rundt og applauderte kvar gong. Også i Bergen i 1922 (sjá utdratet frå boka).

Bøkene vart brent, hengt, drukna og gravgjort.

– Det er mykje dødsgjerningar i dette. Og det skjer utan store protestar frå leiande folk i målrørsla. Det er som om dei bit det i seg, seier Grepstad.

Forfattaren tykkjer det er på tide at leiatar med makt ryddar opp i kvar som har vore greitt og ikkje den norske språkstriden.

– *Kven har du i tankane her?*

– For det første er ikkje boka noko festskrift for Norsk redaktørforening. Mange redaktørar såg på bokbrenning som ei legitim form for ytring fordi dei var einige i sak. Ei rekke leiatar i Unge Høgre og Riksmaals forbundet har ikkje offentleg teke avstand frå aksjonane. Ingen av dei organisasjonane arrangerte bål sjølv, men dei sa aldri at dette godtek vi ikkje, seier Grepstad.

– Det er blitt ein konvensjon at statsminister eller monark ber om orsaking. Det er ikkje det eg er ute etter her. Eg tykkjer likevel det er på tide at ein tek innover seg kva dette har handla om. Noreg har vore eit anna samfunn enn mange har trudd.

Dårleg sjølvbilete

Han meiner at dei som stod bak båla, heilt fram til 2005, ikkje har oppnådd mykje. Med unntak av éin ting, som kan vere vanskeleg å få auge på.

– Eg er ikkje i tvil om at båla var ubehagelege for usikre, unge nynorskbrukarar. Vi veit at mange av dei har og har hatt eit ganske dårleg språkleg sjølvbilete. Dette blir ikkje sterkare og betre av å sjå jamnaldrande brenne bøker på det språket som er ditt. Men kva det har hatt å seie for enkeltmenneske, er umogleg å seie.

Blanda mottaking

Grepstads bok har fått både ros og ris i media sidan ho kom ut. Mest kritisk var kanskje *Morgenbladets* Bernhard Ellefsen, som reagerte på parallelle Grepstad trekker til bokbåla i Hitler-Tyskland.

Verken Grepstad sjølv eller Samlaget ynskjer å kommentere bokmeldingane som er komne.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

Mellom 16. november 2021 og 25. januar 2022 fekk Noregs Mållag 344 746 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aamby
Lars Aasbø
Jacob Bakken
Jorunn Rysstad Berg
Anne Margrete Bjæn
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Lisbeth Dalquist Homme
Knut K. Homme
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Jon Kolbjørn Lindset
Nils Markset
Ragnhild Olavsdotter
 Nomeland
Sigrid Bjørg Ramse
Kari Gerd Riisland
Olav Riisland
Astrid Stuestøl Sandkjær
Tone Stålesen
Johannes G. Torstveit
Helge Ove Tveiten
Olav Vehus
Jens Vellene

AUSTMANNALAGET

Ole Bjerke
Anders Bjørge
Arne Bjørnstad
Eldrid Brandvol
Jon Steinar Bredeveien
Arne Brimi
Råmund Bruheim
Liv Jorun Braastad
Ivar Bungum
Tove De Pasquale
Thor Ola Engen
Tordis Irene Fosse
Anders G. Fretheim
Kristin Fridtun
Torstein K. Garmo
Randi Therese Garmo
Kjell Gulbrandsen
Odin Hagen
Erik Hanssveen
Olv Haraldseid
Ida Haugum
Gautr Elvesæter Helland
Bjarte Hole
Ola Holen
Gunn Strømsøyen
 Hvamstad
Jens Høystad
Per Rolf Johnsen
Ola Jonsmoen
Arnfinn Kjelland
Turid Kleiva
Harald Kleppe
Inger Margrethe
 Kyllingstad
Anders Jan Larsson
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Odd Midtlin
Johanna Mosenden
Inger Margrethe Myhre
Asbjørn Myrvang
Jogrism Nordsletten
Odd Arne Nustad
Olaf Nøkleby
Oddvar Romundset
Ivar Schjølberg
Arne Skuterud
Nils Steinar Slapgård
Liv Solheim
Inger Kirsten Stagrim
Ivar Sund
Aud Søyland
Gudmund Teigen
Ola Tronsmoen
Lars Ullgren

Olav Veka
Magne Velure
Berit Østmoen
Storm Øyen
Bjarne Øygarden
Reidar Åsgård
 Buskerud Mållag
Niri Baklid
Herbjørn Brennhovd
Magnus Bakke Deinboll
Hans-Ove Grostølen
Sverr Hjelmen
Olav Hovda
Oddbjørn Jorde
Frode Kinserdal
Kristin Lindberg
Gunlaug Lien Myhr
Odd Oleivsgard
Gro Randen
Ola Ruud
Anne Åker Rønnestad
Sigrun Torsteinsrud
Torun Torsteinsrud
Sigurd Tveito
John-Ragnar Kvam Aarset

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Reidar Aasgaard
Ruth Amdahl
Norunn Askeland
Børre Austmann
Vibeke Berg
Ola Bergsaker
Leidulv K. Bergwitz
Jostein Bernhardsen
Anfinn Bernaas
Reidar Bjørnerheim
Erlend Bleie
Reidar Borgstrøm
Jorunn Brubakk
Karen Bø
Tormod Bønes
Harald Dyrkorn
Hans Olav Eggestad
Tove Karina Eidhammer
Kirsten Osmo Eriksen
Turid Farbregd
Brit Ragnhild Øydna Fisknes
Liv Flugsrud
Tor Fuglevik
Kim S. Fureli
Haldor Fykse
Tor Gabrielsen
Kåre Glette
Tom Kristian Grimsrud
Jostein Grønset
Oddrun Grønvik
Gunnvald Grønvik
Borghild Rese Gundersen
Erik Hardeng
Anna Sigridsdatter Heen
Ola M. Heide
Mildrid Helland
Sigrun Heskstad
Audun Heskstad
Edvard Hoem
Hallbjørn Hoftun
Maj-Britt Thon Holljen
Valborg Holten
Kjetil Torgrim Homme
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein Høgåsen
Kolbjørn Høgåsen
Ingeborg Hauge Høyland
Helge Istad
Mia Høsteng Jensen
Øystein Jetne
Jens Kihl
Laurits Killingbergtrø

Turid Louise Quamme
Kittilsen
Knut Kjeldstadli
Harald Sverdrup Koht
Bård Kollweit
Dagrun Kvammen
Per Olav Lande
Edvard Lauen
Tor Einar Ljones
Helge Lorentzen
Mette Ulland Lund
Trond Øivindsson Lunde
Anders Lunnan
Jon Låte
Wenche Irene Melby
Norvald Mo
Lars Helge Myklebust
Finn Måge
